



Notat

Emne: Referat frå møte i Underutvalet for vilt og innlandsfisk - 31.01.17

Tid og stad: 31. januar 15.00-17.00, Rådhuset på Manger

Oppmøte: André Michelsen, Jan Gunnar Vaktskjold, Liv Berit Rath, Dag Sætre, Edgar Grindheim, Øystein Frotaule og Andreas Granli

Saksliste

1. Godkjenning av innkalling
 - Innkallinga vart godkjent
2. Godkjenning referat
 - Referat vart godkjent, bilder litt dårlig georeferert, elles er info frå vegvesenet god.
3. Bestandsplan med Lindås

Nordhordlandsbestandsplanområde vart diskutert. Fylkeskommunen har hatt møte med Felles landbrukskontor og Lindås, Meland og Askøy om bestandsplanområde. Det vart opplyst at kommunane burde utarbeide alternativ plan om det ikkje er aktuelt å gå inn i bestandsplanområde. Det vart difor tilrådd at Radøy og Lindås går inn for ei eiga plan, det vert ikkje stilt krav til at alle skal ha plan.

Arbeidet må begynne i løpet av våren. Utvalet er samde i at ein bør sjå på ei løysing for bestandsplan. Orientering kjem på valdmøte og haustmøte.

4. Hjorteteljning

Andreas orienterte om vårteljning. Det er 9 ruter på Radøy, dei som telde i fjor teljer i år. Lys til teljinga vart diskutert, lyktene som er i bruk er gamle og det er behov for oppgradering. Andreas kjøper inn nye lykter til årets teljing. Vi satsar på at siste teljinga vert siste helg før påske.

5. Innmelding av fellingsresultat og sett og skutt

Andreas orienterar rundt fellingsresultat og sett og skutt. Innmeldiing av fellingsresultat gjekk seint i år, det måtte purrast på ein del. Sett og skutt vert brukt i varierende omfang. Mange av dei som leverar sett og skutt leverar ikkje fellingsresultat, det fungerer greitt så lenge alt er meldt inn i sett og skutt.

Andreas orienterer rundt fellingstallene for i år og i fjor.

Det var tildelt 192 dyr og felt 122 i 2015, høgare fellingsprosent i 2016 med 160 felt av 196 tildelt. Fellingsprosent i 2016 vart 81,6 %.

Øystein snakkar om endring av valdgrenser.

Ulik tetthet av hjort på ulike områder. Usikkert korleis grensejusteringene påvirker fellingen i dei ulike valda. Mulig enkelte vald får vanskeligare for å fylle kvotene sine. Kvifor skjer det så mange utskiftningar i valda? Vert det bare att og fram av dei flyttingane som no skjer? Manger grunneigarlag har mange medlemmar, det kan vare nok av grunnen. Noke av inntektene til grunneigarlaget forsvandt med regnbueørreten. Noe justering av valdgrenser høres bra ut.

6. Hjorteviltseminar

Det er fleire som kunne tenkje seg hjorteviltseminar. André informerar om hjorteviltseminar i Førde. Kommunens viltkontaktar vil delta på kurs og får stønad frå viltfondet. Andreas prøver og å ta turen. Seminaret går frå 17.-18. mars. Lokale kurs kom opp, det er mellom anna interesse for slaktekurs.

7. Program for valdmøte

Det skal arangerast valdmøte og program for møte vart diskutert. Følgjande hovedtema vart satt:

Fellingsresultat og resultat frå vårteljing.

Sett og skutt

Bestandsplan

Foredrag med Jomar Ragnildstveit

Dato for valdmøte vert satt når resultatata frå teljinga er kome inn. Interesse for eventuelle kurs bør undersøkjast på valdmøte.

8. Ymse

André synes fallviltjeger er ein missvisande tittel da dei ofte handterer andre saker enn påkørt og dødt vilt. Viltansvarleg eller viltkontakt vart foreslått som alternativ tittel. Det var ingen protestar på det, da Andreas er kommunens viltansvarleg er det enklast å endre fallviltjeger til viltkontakt.

Valdgrenser og avskyting vart diskutert. Fleire av dei små valda var tidleg ute og fylte kvotene, andre sleit lenge. Det er tendensar til at hjorten trekjer meir mot delar av øya med mykje jordbruksareal. Det gjer det vanskeleg å ta ut nok av stamma.

Andreas orienterar om status på forvaltningsplan for gås. Arbeidet held fram og vert ferdigstilt sommaren 2017.

Fellingskvota for 2017 vart diskutert. Mykje påkjørsler i 2016 og det er truleg ein samanheng mellom påkjørsler og antall hjort. Høgare fellingsprosent for 2016 enn foregåande år tyder på at hjortestamma er aukande.

Kultuvering elver storheimselva mulig prosjekt for TAM. Mykje attgroing, saktegåande vatn. Sette opp Tore Viers på haustmøte igjen med tanke på fisk og elvekultuvering? Verkar som det er interesse for ulike tiltak i fiskeførande elvar. Mulig me skulle hatt eige fiskemøte eventuelt etter haustmøte. Samarbeide rundt søknad om tilskot til kultuvering.

Biosfæreprosjekt: Kva er skjedd og skjer med dette? Andreas undersøker kva som skjer med biosfæreprosjektet.

Underutvalet diskuterte innkalling til møte: Mulighet til å komme med to datoar for møte slik at ein enkelt kan flytte møtet om det er nødvendig. Også mulig å forskyve møtet til 15.30.

Saksbehandlar: Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim og Radøy/Andreas Granli

Vår referanse: 15/1799 - 17/6593 / FA - K40

Dato: 18.05.2017